

Rettleiing til søkjar

Søknad om utslepp av sanitært og kommunalt avløpsvatn frå hus og hytter -
(under 50 pe – kapittel 12 i forureiningsforskrifta)



Etne kommune

Les denne rettleiinga før du fyller ut søknadsskjemaet.

Fleire kommunar har laga egne søknadsskjema for utslepp av avløpsvatn etter lokale krav. Kontakt derfor fyrst kommunen for å høyre kva krav som gjeld. Vær merksam på at kommunen kan krevje gebyr for sakshandsaminga av søknad om utslepp, jf § 11-4 i forureiningsforskrifta.

Du kan finne meir informasjon og rettleiing på www.avlop.no og www.norskvann.no. På www.avlop.no finn du og døme på utfylling av søknadsskjema med vedlegg.

Kven har søknadsplikt?

Utslepp av sanitært avløpsvatn er søknadspliktig jf. forureiningsforskrifta kapittel 12. Både når du skal etablere eit utslepp, eller vil auke eit eksisterande utslepp utover eksisterande rammer, må du søkje kommunen om utsleppsløyve. Dette gjeld også endring i type utslepp eller endring av utsleppsstad. Kontakt kommunen om du er usikker på om du treng søkje.

Det er søkars ansvar å fylle ut ein nøyaktig og fullstendig søknad med alle opplysningar kommunen treng for å kunne handsame søknaden. Handsaminga av søknaden startar når eit fullstendig utfylt søknadsskjema med alle nødvendige vedlegg ligg føre. Kommunen handsamar søknaden innan seks veker frå den har motteke eit fullstendig skjema med vedlegg. Om dokumentasjon manglar, vil dette kunne forseinke sakshandsaminga. Dersom du har søkt om unntak frå standardkrava i forureiningsforskrifta kapittel 12, gjeld ikkje den absolutte fristen for sakshandsaming på seks veker.

Kva må du gjere i god tid før du søker?

Ta kontakt med kommunen for å få greie på kva for krav og eventuelle lokale tilpassingar som gjeld der. Finn ut kva som blir kravd av informasjon og dokumentasjon i ein søknad om utsleppsløyve. Kommunen har plikt til å gje rettleiing om korleis du skal søkje og kva for vilkår som gjeld. Du må òg sjekke med kommunen om utføringa av det planlagde avløpsanlegget er i samsvar med planane til kommunen etter plan- og bygningslova. Om det ikkje er samsvar, må du hente inn samtykke. Det kan krevja politisk handsaming.

Innhent nødvendig informasjon og dokumentasjon. Det er søkjar som skal skaffe all nødvendig informasjon og vise at det planlagde utsleppet er i samsvar med krava. Det kan ta tid å samle alt, så berekn god tid.

Du må varsle alle partar utsleppet kan få følgjer for, til dømes naboar, og andre det vedkjem spesielt, til dømes friluftssinteresser. Når du sender ut varsel, skal du samtidig sende ein kopi av varselet til kommunen. Om du er i tvil om kven som skal varslast, kan du få rettleiing frå kommunen.

Du må sjølv syte for å få kvittering om at varsel er sendt (til dømes kvittering på rekommandert brev eller underskrift).

Eit oversyn over kven som er varsla og kvitteringar skal leggjast ved søknaden (vedlegg G) saman med eventuelle fråsegner/protester du har motteke (vedlegg H). Søknaden kan ikkje sendast til kommunen før svarfristen på fire veker har gått ut.

Kva må sendast inn til kommunen og korleis blir søknaden handsama?

Når du har fylt ut alle punkta på søknadsskjemaet og lagd ved alle nødvendige vedlegg har du levert ein fullstendig søknad. Ein fullstendig søknad skal bli handsama av kommunen innan seks veker. Husk at dersom søknaden manglar opplysningar eller dokumentasjon, vil dette kunne forseinke handsaminga av søknaden. Dersom du har søkt om unntak frå standardkrava i kapittel 12/lokal forskrift, gjeld ikkje den absolutte fristen på seks veker.

<i>Eg har sendt søknad om utsleppsløyve til kommunen:</i>	<i>Når kan eg vente å få svar?</i>
<i>Eg har sendt inn ein fullstendig søknad som er i samsvar med standardkrava og eventuelle tilleggskrav frå kommunen</i>	<i>Søknaden skal bli handsama av kommunen innan seks veker. Dersom kommunen ikkje har svara på søknaden innan seks veker, reknast løyve som gitt</i>
<i>Eg har sendt inn ein fullstendig søknad med krav om unntak frå reinsekrava</i>	<i>Kommunens absolutte saksbehandlingsfrist på seks veker gjeld ikkje. Sakshandsaminga kan ta lengre tid, men søknaden skal handsamast utan ugrunna opphald</i>
<i>Eg har sendt inn ein ufullstendig søknad (ikkje alle punkta i søknadsskjema er fylt ut eller det manglar vedlegg)</i>	<i>Søknaden vil ikkje kunne bli handsama.</i>

Kvar kan du klage på vedtaket?

Klagefristen er tre veker etter motteke vedtak.

Kva krav blir stilt til deg når anlegget er i drift?

Eigaren av anlegget pliktar å dimensjonere, drive og vedlikehalde anlegget slik at ein unngår sjenerande lukt og overheld vilkåra i utsleppsløyvet. Du må ta vare på informasjon om anlegget. Eventuelle naboklager skal takast vare på i fem år. Kommunen er tilsynsmyndigheit og fører tilsyn med at krava blir overhaldne. Kommunen kan krevje gebyr for tilsyn.

Korleis skal eg fylla ut søknadsskjemaet?

Ansvarleg (søklar):

Her skal du gi alle opplysningar kommunen treng for å kunne kontakte deg eller det sameiget/organisasjonen som søker om utsleppsløyve. Ansvarleg søker er normalt den som eig og driv anlegget (ansvarleg eigar/tiltakshavar) og som er ansvarleg for utsleppet, medrekna drifta og vedlikehaldet av anlegget. Dersom ansvarleg søker ikkje er den same som ansvarleg eigar, skal du opplyse om dette her. Handheving og sanksjonar av regelverket vil skje overfor den ansvarlege.

Søknaden gjeld:

Her skal du opplyse om søknaden gjeld eit nytt utslepp eller endring/auke av utslepp. Du må opplyse om søknaden gjeld heilårsbustad, fritidsbustad og/eller annan bygning, og talet på bygningar i dei ulike kategoriane. Om vassklosett skal installerast eller er installert, må du opplyse om dette. Vesentleg auke kan vere at fleire områder blir kopla til anlegget, installering av matkvern. Innlegging av vatn eller vassklosett er endring. Ta kontakt med kommunen dersom du er i tvil om kva som er ei vesentleg auke.

Eigedom/byggjestad:

Her skal du føre opp gardsnummer, bruksnummer og adresse til bygningen eller bygningane. Gards- og bruksnummer kan du få ved å ta kontakt med kommunen.

Du må sjekke med kommunen om utføringa av det planlagde avløpsanlegget er i samsvar med planane til kommunens etter plan- og bygningslova. Om utføringa av avløpsanlegget ikkje er i samsvar med planane til kommunen, må du skaffe samtykke frå plan- og bygningsetaten. Husk å føre opp datoen då samtykket blei gitt.

Utsleppsstad:

Her skal du gi opplysningar om utsleppsområdet, det vil seie om avløpsvatnet går til innsjø, bekk/elv, grunnvatn, elvemunning osv. Du skal òg føre opp namnet på lokaliteten og kartkoordinatar. Kartkoordinatar finn du på eit økonomisk kart/plankart i målestokk (1:5000) eller større frå Statens kartverk. Denne typen kart vil du òg kunne få tak i på oppmålingsavdelinga til kommunen (karttenesta / teknisk kontor) og Fylkeskartkontoret. Dei fleste kommunar har eiga heimeside der du kan laste ned kart. Sjå òg xymap.com, der ein del kommunar har kart. Hugs å føre opp kva for eit kartdatum du brukar. Til dømes WGS 84.P

Plasseringa og utsleppsstaden til avløpsanlegget skal merkast av på kartet. På det same kartet skal du òg merke av eigedomsgrenser og eventuell vegtilkomst (for slamtømming, vedlikehald etc.). Kartet skal leggjast søknaden (vedlegg 6d).

Dersom søknaden gjeld utslepp til vatn, må du opplyse om kor mange meter under lågaste vasstand det blir slept ut (utsleppsdjupn).

Du skal opplyse om den forventta storleiken på utsleppet i personekvivalentar (pe). Personekvivalentar er eit mål på mengda organisk materiale i avløpsvatnet. Ein kan finne pe på fleire måtar, men som hovudregel seier vi at:

- Utslepp frå hus og hytter med innlagt vatn og vassklosett: 1 person bidreg med 1 pe.
- Utslepp frå hytter med innlagt vatn utan vassklosett: 1 person vil bidra med 0,3 pe.
- Utslepp frå hytter utan innlagt vatn og vassklosett: 1 person vil bidra med 0,1 pe.

Ta kontakt med kommunen om du er usikker på korleis du bereknar den forventta storleiken på utsleppet.

Døme 1:

Hus med innlagt vatn og vassklosett, husstand med seks personar: $1 \text{ pe/person} * 6 \text{ personar} = 6 \text{ pe}$ i avløpsvatnet.

Døme 2:

3 hytter med innlagt vatn og vassklosett og 10 sengeplassar i kvar hytte¹⁾: $3 * 1 \text{ pe/person} * 10 \text{ sengeplassar} = 30 \text{ pe}$ i avløpsvatnet.

Døme 3:

Hytte med innlagt vatn utan vassklosett, 10 sengeplassar: $0,3 \text{ pe/person} * 10 \text{ personer} = 3 \text{ pe}$ i avløpsvatnet.

¹⁾ Det vil variere kor mange personar som oppheld seg på ei hytte. Når ein skal berekne det forventta talet på personekvivalentar, må ein ta utgangspunkt i maksimalt tal på personar på hytta til same tid. Talet på sengeplassar kan vere eit godt mål på maksimalt tal på personer/maksimum belastning.

Reinsegrad:

Krava til reinsegrad i den enkelte kommune, kan være strengare enn standardkrava i kapittel 12. Kontakt kommunen om du er usikker på kva krav som gjeld. Oppdaterte lokale forskrifter finnast på www.lovddata.no.

Informasjonen kring krav til reinsegrad som følgjar under, rettar seg mot standardkrava i ureiningsforskrifta kapittel 12.

Kva for reinsekrav som gjeld på den staden du planlegg utsleppet er avhengig av om utsleppsstaden ligg i eit følsamt/normalt eller mindre følsamt område, om det er brukarkonfliktar involvert og om det er fare for overgjødsling.

For å finne ut kva for reinsekrav som gjeld på den staden du vil sleppe ut avløpsvatn, må du først finne ut om utsleppsstaden ligg i eit:

- **Følsamt/normalt område** – Ferskvassførekomstar. Kyststrekninga Svenskegrensa-Lindesnes med tilhøyrande nedbørsfelt og Grimstadjordområdet (Nordåsvannet, Grimstadjorden, Mathopen og Dolviken); eller
- **Mindre følsamt område** – Kystfarvatn og elvemunningar frå Lindesnes til Grense Jakobselv unnateke Grimstadjordområdet.

Følsamt/normalt område

Viss staden der du vil sleppe ut til er klassifisert som følsamt/normalt område set du kryss i boksen " Utsleppsstad i følsamt/normalt område". Deretter må du gjere ei vurdering av eventuelle brukarkonfliktar og/eller fare for overgjødsling. Dersom det er brukarinteresser involvert, skal du krysse av i boks **a** som er det strengaste reinsekravet. Viss det derimot ikkje er brukarinteresser involvert, men fare for overgjødsling, set du kryss i boks **b**, der reinsekravet ikkje er fullt så strengt som for **a**. Viss det verken er brukarinteresser eller fare for overgjødsling, set du kryss i boks **c** (det minst strenge kravet).

Dersom søknaden berre gjeld gråvatn (avløpsvatn frå hushald som ikkje inneheld klosettvatn) som blir sloppe ut i stadeigne lausmassar eller liknande, skal du krysse av i boksen "Stadeigne lausmassar eller tilsvarande".

Mindre følsamt område

Viss utsleppsstad er eit mindre følsamt område, skal du setje kryss i boksen: "Utsleppsstad i mindre følsamt område". Du må i tillegg spesifisere reinsegrad ved å krysse av for anten (a) 20 % reduksjon av suspendert stoff; eller (b) maksimum 180 mg suspendert stoff/liter (årleg middelverdi). Dersom søknaden gjeld gråvatn som skal sleppast ut i ein mindre følsam sjøvassresipient, er det ikkje krav til reinsing og du kan krysse i boksen "Ureinsa".

Dersom du søker om unntak frå reinsekrava skal du krysse av i boksen: "Søker unntak frå §§12-8 til 12-9/lokal forskrift,". Hugs at grunngeving/spesifisering for ynskje om unntak frå reinsekrav må leggjast ved søknaden (vedlegg b).

Under punktet «Type reinseanlegg» skal du opplyse om kva slags reinseanlegg du ynskjer å installere. Dersom søknaden gjeld minireinseanlegg skal du òg fylla ut «Tillegg for minireinseanlegg».

Du skal føre opp den dimensjonerte storleiken på anlegget i personekvivalentar (pe). Dette vil du mellom anna kunne finne i dokumentasjonen frå anleggsleverandøren. Du bør gjere ei vurdering av kor stort anlegg du skal velje i eit perspektiv på 10 år. Anlegget bør uansett ikkje vere dimensjonert for mindre enn 5 pe.

Vedlegg til søknaden:

Søknaden blir ikkje rekna som fullstendig før alle nødvendige vedlegg ligg føre. Dersom den manglar vedlegg, vil søknaden ikkje kunne bli handsama. Under finn du ei liste over nødvendige vedlegg.

a. Namn på nøytral fagkyndig (person/firma) som har hjelpt med val av reinsemetode og/eller dokumentasjon av reinsegrad

- Her skal du informere om kven (nøytral fagkyndig person/firma/leverandør) som har hjelpt deg med utforming, dimensjonering og installasjon av reinseanlegg og dokumentasjon av reinsegrad. Vi gjer merksam på at dokumentasjon av reinsegrada til anlegget skal vere utført av ein nøytral fagkyndig.
- Om du skal installere eit ferdigprodusert minireinseanlegg, må dette være testa i samsvar med eN12566-3. Sjekk at reinsegrada som er angitt på CE-merket til minireinseanlegg overheld reinsekravet for ditt utslepp (du har opplyst om reinsekrav under pkt. 5 reinsegrad). For alle andre reinseanlegg må det dokumenterast at anerkjent dimensjonering og utforming er nytta.

b. Grunngeving for ynskje om unntak frå §§ 12-8 til 12-9 eller relevant dokumentasjon

- Om du søker om unntak frå reinsekrav skal du gi ei særskilt grunngeving for dette. Ver merksam på at dersom ein søker om unntak frå krav, gjeld ikkje den absolutte saksbehandlingsfristen til kommunen på seks veker.

c. Dokumentasjon av reinsegrad jf. § 12-10 og skildring av anlegg

- Merk at dokumentasjonen skal utførast av ein fagkyndig. Vedlegget skal òg innehalde eit oversyn av anlegget (type/modell/leverandør etc.) og korleis det skal drivast.

d. Plassering av avløpsanlegg, utsleppsstad, eigedomsgrensar og vegtilkomst (for slamtømming, vedlikehald osv.) på kart i målestokk 1:5000 eller større

e. Liste over eigedomar knytt til avløpsanlegget med gnr., bnr. og adresse

- Om du skal koble deg til eit eksisterande reinseanlegg må du leggje ved ei liste over kva for bygningar som allereie er tilknytt anlegget. Gnr. og bnr. for desse bygningane får du ved å kontakte kommunen. Om det ikkje er fleire bygningar knytt til anlegget skal du setje kryss i boksen "ikkje relevant".

f. Oversikt over moglege følgjer av utsleppet (drikkevassforsyning, rekreasjon, næringsverksemd, jordbruksvatning osv.) Utgreiing om tiltak for å motverke interessekonfliktar og tiltak for å ta vare på helse og miljø.

- Brukarinteresser nær utsleppsstaden vil ha mykje å seie for plasseringa og utforminga av reinseanlegg eller utsleppspunkt. Vedlegget skal innehalde ei vurdering av interesser som utsleppet kan/vil få følgjer for (for eksempel drikkevatn, bading, fiske, vatning osv.). Om du er i tvil kan det vere nyttig å kontakte ein fagkyndig som kan gjennomføre ei nøytral vurdering.

g. Oversikt over kven som er varsla

- Du må lage ei liste over kven som er blitt varsla, og du må leggje ved kvittering på at varsel er blitt sendt til dei rette personane (til dømes kvittering på rekommandert sending eller underskrift).

h. Eventuelle motteke klager/protestar

- Om du har motteke klager/protestar skal desse leggjast ved søknaden. Om du ikkje har motteke klager/protestar, kryssar du av i boksen "ikkje relevant".

Eventuelle merknader (ikkje obligatorisk):

Her kan du skrive eventuelle merknader du meiner er nyttig informasjon for kommunen når søknaden skal handsamast.

Underskrift og fråsegn:

Merk at det er ansvarleg eigar som skal skrive under på søknaden. Underskrifta til ansvarleg eigar stadfestar at opplysningane i søknaden er rette og fullstendige. Eigaren pliktar òg til å følgje de aktuelle føresegnene, medrekna føresegner som gjeld drift og vedlikehald.